

Notat

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Til: Hovudutvalet for opplæring

Tilleggsnotat til HO-sak 31/14 Yrkesval 2.0 - omdømmeprojekt

Fagopplæringsnemda handsama, i møtet 23.10.14, sak 14/14 Yrkesval 2.0 – Omdømmeprojekt. Utvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

«Fagopplæringsnemda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen løyver mildar til prosjekt Yrkesval 2.0 i samsvar med finansieringsplan som ligg føre i prosjektsøknaden med kroner 275.000 i 2015 og kroner 275.000 i 2016 under følgjande føresetnader:
 - a. resterande finansiering er på plass
 - b. opplæringskontoret sitt samarbeidsutval – OKSU - vert eigar av prosjektet
 - c. fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval saman med leiar i OKSU vert styringsgruppe for prosjektet
2. Den fylkeskommunale løyvinga vert finansiert over ekstramidlane for fagopplæring.
3. Dersom det er midlar att etter at status for 2014 er gjort opp, skal desse nyttast til Yrkesval 2.0 – Omdømmeprojektet. Dette gjeld inntil 300.000,- kr og utover dei 275.000,- kr som allereie er løyvd i sak 14/14.»

Hovudutvalet har ikkje mynde til å gjere vedtak som bind opp økonomiske ressursar ut over budsjettåret. Fylkestinget må difor gjere endeleg vedtak i saka. Dersom hovudutvalet for opplæring sluttar seg til fagopplæringsnemda si tilråding, må vedtaket i hovudutvalet difor gjerast under føresetnad av at løyvinga vert godkjend av fylkestinget i samband med handsaminga av budsjett 2015 og økonomiplan 2016 (17-18).

Dette kan gjerast slik:

1. Det vert teke inn slikt nytt punkt 4 i vedtaket i HO-sak 31/14:
 4. *Punkt 1-3 vert vedteke under føresetnad av godkjenning i fylkestinget i samband med handsaminga av budsjett 2015 og økonomiplan 2016 (2017-2018)*
2. Det vert teke inn slik ny tekst i tekstbudsjettet til budsjett 2015 og økonomiplan 2016 (2017-2018) under teneste 5701 Opplæring i bedrift:

Det vert sett av 0,275 mill. kr årleg for åra 2015 og 2016 til finansiering av Yrkesval 2.0 – omdømmeprojekt, jf. HO-sak 31/14.